

Slit og strev

Prøv ein vassele!



Anne Melås. Utsikt mot Fimreite
(ca. 1960).

KVARDAGEN VAR ARBEID

Kvardagen før i tida var arbeid med å skaffa mat, brensel, klede og anna dei trong for å overleva. **Store og små** måtte vera med frå tidleg morgon til seine kveld.

Dei hadde **stor kunnskap** om korleis naturen kunne nyttast til å skaffa mat og medisin, fôr og reiskap.

Vassberinga var eit slit. Til ein medels buskap trong dei fleire hundre liter vatn for dagen. Ei ku drakk minst 30 liter. I tillegg trong dei vatn til hushaldet.

Det var **kvinnfolkarbeid å bera vatn**, unntatt om vinteren når det var sledeføre. Vatn til klevask vart aldri frakta til hus. Kvinnfolka vaska klede i bekken.

VIL DU BERA VATN MED VASSELEN?

Fyll opp bøttene med vatn frå dammen. Korleis trur du det kjennest å bera 300 liter med vatn kvar dag?

Mykje av vinterfôret vart slege i **utmarka** og lagra i utløa. Børene vog gjennomsnittleg 40 kilo.

Mange husmenn hadde ikkje råd til hest, og måtte sjølve **bera høyet** frå utmarka.



Lars Steig med høybør på ryggen.